



Trygve Odd Kvalvåg
Kvalvågnesvegen 381
5956 HUNDEVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/12433 - 20/72136

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
12.11.2020

Førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging tvangsmulkt gbnr 85/16 Kvalvåg

Tiltak: Utbetring septiktank
Byggjestad: Gbnr: 85/16
Tiltakshavar: Trygve Odd Kvalvåg

Viser til vårt brev av 04.09.2020 der vi opplyser om at vi har motteke melding frå Norva24 AS om at det ved siste tømning vart registrert at det manglar dykk utløp på septiktanken i tillegg til at det var registrert lekkasje i tanken på eigedommen din, med adresse Kvalvågnesvegen 381, 5956 Hundvin. Frist for utbetring av tanken vart satt til **04.11.2020**.

Alver kommune har ikkje motteke tilbakemelding frå deg innan fristen om at utbetring er blitt utført.

Kommunen varslar med dette at vi vil påleggje deg som grunneigar å rette opp avviket på tanken slik at den tilfredsstillar dagens krav til standard, og i tillegg er eit godkjend avløpsanlegg. I dette brevet finn du informasjon om kva du kan gjere for å unngå pålegg.

Kommunens oppgåve og mynde

I forurensningslova § 48 er ei av dei kommunale oppgåvene at kommunen skal føre tilsyn med ureiningsssituasjonen i kommunen. Etter forurensningslova § 7 fjerde ledd kan kommunen gje pålegg ovanfor den som har ansvar for det ulovlege tilhøve, som er i strid med § 7 første ledd.

Grunngjeving for førehandsvarsel om pålegg og tvangsmulkt

Det følgjer av forurensningslova § 7 første ledd at «*ingen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning*» uten at det er gitt løyve».

I medhald av forurensningslova § 7 andre ledd kan kommunen pålegge den ansvarlege for foreininga, om å sørgje for tiltak for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av den. Med bakgrunn i nemnde tilhøvet, varslar kommunen om at det vil bli vurdert å gje pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt for å få brakt tilhøvet i lovlege formar.

Dersom du er usikker på om utbetringa/reparasjonen av septiktanken er eit søknadspliktig tiltak, kan du ta kontakt med Alver kommune.

Kommunen må få skriftleg tilbakemelding når lekkasjen og manglande dykk er utbetra.

Dersom forholdet ikkje blir retta innan tidsfristen, vil Alver kommune vurdere å fatte vedtak der vi pålegg deg å utbetre tanken i medhald av forurensningslova § 7. Pålegg om retting vil i så fall bli gitt i særskild vedtak (eige brev) ved utløp av tidsfristen.

Varsel om pålegg om retting

Med heimel i forureiningslova § 7, blir du no varsla om at tiltaket må bli retta **innan 13.01.2021** og dokumentasjon på dette må sendast inn innan same fristen. Utbetring må skje ved at lekkasjen i tanken vert lokalisert og tetta.

Frist

Dokumentasjonen må sendast kommunen **innan 13.01.2021**.

Du har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt. Det kan til dømes vere at du meiner opplysningane våre ikkje er rette eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre forholdet.

Det vert gjeve ein frist på **3 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Alver kommune oppmodar deg om å nytte uttaleretten.

Dersom vi ikkje har mottatt opplysningar som inneber at avløpssituasjonen tilfredsstillar dagens krav innan 3 veker vil vi fatte vedtak om pålegg og tvangsmulkt med same frist som i dette brevet.

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 5637 5000 eller du kan sende e-post eller post til

- post@alver.kommune.no.
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

Aktuelt regelverk

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt med heimel i forurensningslova kapittel 9.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Trygve Odd Kvalvåg

Kvalvågnesvegen 381

5956

HUNDEVIN